

---

**Fra:** Helge Vallestad  
**Sendt:** 24. februar 2016 16:58  
**Til:** Stig Andre Grindheim  
**Kopi:** Postmottak Radøy; Jarle Landås; Jon Askeland; Jo Tømmerbakke  
**Emne:** SV: Søknad om oppstart av familiebarnehage

Hei!

Viser til søknaden din. Reknar med at du vil få positivt svar, med atterhald om at dei ulike krava til godkjenning er oppfylte på oppstartstidspunktet. Eg har ikkje klart å få nærare avklaringar frå fylkesmannen, men du kan byggja på dei ulike tekstane under. Reknar med at formell handsaming med vedtak vert gjort i veke 10.

"Satser for driftstilskudd til private familiebarnehager kalenderåret 2016

Sats per heltidsplass,

barn 0-2 år	barn 3-6 år
149 500	113 700

Satser for kapitaltilskudd til private familiebarnehager

Sats per heltidsplass, barn 0-2 år	12 900
Sats per heltidsplass, barn 3-6 år	12 900"

Vidare vil kommunen måtte dekke eigar sine kostnader med søskenmoderasjon, redusert foreldrebetaling og 20 t gratistilbod (svikt i inntektene).

Eigar må dekke kostnaden med drift av barnehagen, her er lønskostnader viktigast.

Legg ved nokre dokument som omtalar ulike sider ved bemanninga.

Dette notatet ligg på fylkesmannen sine nettsider:

"Krav til styrar og pedagogisk rettleiar i familiebarnehagar I Barnehagelova står det at barnehagen skal ha ein dagleg leiar som har pedagogisk utdanning som førskulelærer eller anna høgskuleutdanning som gir barnefagleg og pedagogisk kompetanse. Forskrift om familiebarnehagar gir ikkje noko unntak frå denne regelen.

Forskrift om familiebarnehagar omhandlar dei reglane som er særskilte for familiebarnehagar. Utover det som er regulert i forskrifta, gjeld dei reglane som er fastsett i, eller med heimel i, barnehagelova.

Alle familiebarnehagar skal ha ein dagleg leiar med godkjent utdanning. Kor stor styrarressursen skal vere, må eigar og barnehagemyndene som i ordinære barnehagar vurdere ut frå tal på barn og kva oppgåver ein styrar skal løyse.

I forskrift om familiebarnehagar, §§ 5 og 6 blir det kravd at ein utdanna førskulelærer skal gje pedagogisk rettleiing til assistenten i den einskilde heimen i opningstida til familiebarnehagen. Det kan vere maksimalt 30 barn pr førskulelærer som gir pedagogisk rettleiing. I mange familiebarnehagar har den pedagogiske rettleiaren også styrarfunksjonen. Fylkesmannen vil understreke at barnehagen då må avsetje tid til styraroppgåver i tillegg til det lovpålagte omfanget av pedagogisk rettleiing.

Familiebarnehagar kan søkje om midlertidig dispensasjon frå utdanningskravet for styrar og pedagogisk rettleiar. For at kommunen skal kunne innvilge slike dispensasjonar, må søkjar oppfylle krava i forskrift

om midlertidig og varig dispensasjon frå utdanningskravet. Døme på slike krav er at det skal vere eigar som søker om dispensasjon, stillinga må vere offentleg utlyst og det skal ikkje ha meldt seg kvalifiserte søkerar til stillinga. Kommunen kan stille vilkår til dispensasjonar. Det er også viktig å understreke at dispensasjonsordninga er ein kan-regel, som og gir kommunen høve til å avslå søknaden.

For styrar og pedagogisk rettleiar i familiebarnehage kan det ikkje gjevast varig dispensasjon frå utdanningskravet."

I tillegg skal kvar gruppe på maks 5 barn ha ein assistent.

Når det gjeld kor omfattande styrarstillinga skal vera, har eg berre funne dette frå tariffavtalen mellom Kommunenes Sentralforbund og fagorganisasjonane:  
Særavtale SFS 2201 – Barnehager, skolefritidsordninger, skole og familiebarnehager SFS 2201 – pkt. 3.1.1  
Styrer/leder i barnehage Barnehageloven har ikke bestemmelser om hvor stor ledelsesressursen i barnehagen skal være. En slik bestemmelse har særavtale SFS 2201 pkt 3.1.1. Etter denne bestemmelsen skal en barnehage som hovedregel ha styrer i hel stilling. I barnehager med plass til 42 barn eller mer skal det avsettes hel stilling til lederoppgaver. I mindre barnehager skal ledelsesressursen utgjøre minimum 35 % av styrers stilling. Det tas utgangspunkt i antall plasser barnehagen er dimensjonert for, ikke antall barn.

Det er så langt eg har kome til no.

Med helsing

Helge Vallestad  
Oppvekstrådgjevar